

Det er håp i hangande snøre.

Dei fleste kjenner dette gamle ordtaket. Me som fiskar, reiser ut i håp om å få fisk, og me veit at utan redskap og innsats, blir det lite fangst.

Slik er det med livet og. Ein har sagt at utan håp har me inga framtid. Først og framst håpar me at me skal få leva, og helst eit langt og godt liv. Men me veit at det er ingen sjølfølge, og at vår eigen innsats kan vera avgjerande for resultatet. Me kjenner alle til begrepet livsstilsjukdommar.

Likevel, kor du bur, kva hudfarge du har, kva kjønn du har, kva utdanning du har, kva sosial status du har, kor gammal du er, betyr vanlegvis svært mykje meir enn innsatsen din for kva håp du har, både på det eine og andre nivået. Det er svært stor forskjell på håpet til trebarnsfaren som må ut og sloss for landet sitt i Ukraina, og han som stemplar inn på Aker Solutions Stord kvar morgon kl.7. Det er svært stor forskjell på håpet til den nyfødde i ein utbomba by i Syria og han eller henne som skrik sitt første skrik på fødestova på Stord sjukehus. Det er og svært stor forskjell på håpet til den gamle kvinna som sit åleine i omsorgsbustaden og ungjenta som pyntar seg til sin første date, som det heiter.

Eg spelar stundom lotto, kanskje i håp om litt meir overflod. Men som diktaren Jan Erik Vold seier- så lenge det er håp, er det skuffelser, og så lenge det er skuffelser, er det håp. Og det er vel det livet handlar om, håp som går i oppfylling og skaper glede og utvikling, og håp som skaper skuffelse, sorg, raseri, smerte, oppgitthet. Har me tenkt over at det å vera medmenneske, er å ta ansvar for andre sine håp, hjelpa til med å få håp til å bli oppfylte, håp om ei litt betre framtid for dei som lite eller ingenting har, håp om litt mindre einsemd for nokon i nabolaget, litt trøst for sørgjande me kjenner, og håp om litt meir deltaking i dei næraste forhold. Eller kanskje oppfylla håpet vårt om ein liten dytt i ny og ned for ikkje å gløyma at me først og framst skal vera medmenneske, og at min neste ikkje berre kan begrensast til slekt, nabolag eller gammal vennekrets.

Det er noko universelt og tidlaust over meisteren sine ord: For eg var svolten, og de gav meg mat, eg var tørst, og de gav meg drikke, eg var framand, og de tok imot meg, eg var naken, og de kledde meg, eg var sjuk, og de såg om meg, eg var i fengsel, og de vitja meg. Berarar av andre sine håp, vågar me å ta det ansvaret, vågar me å seia at dine håp skal vera mine håp, dine sorger skal vera

mine sorger. Alt du vil at andre skal gjera mot deg, skal du og gjera mot dei.
Kva inneber det å ta dette formidable kravet på alvor? Det treng ikkje vera så
voldsomt. Høyr kva Olav H. Hauge seier:

Han kom or fjellet, skulde heim,

fekk føring ifrå Osa
ut til Øydvinstø.

Og han var raust
og baud betal.

Men Osamannen
var ikkje fal:
Eg vil betala;
eg kan ikkje nå deg
med ei beine att.

So gjer ein annan mann
ei beine då,
sa Osamannen,
og skauv ifrå.

bita